

Vegvesenet seier ja til fortau

20.04.2011



Vegvesenet gjev grønt lys for fortau ved AFA (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Statens vegvesen ved Per Steinar Nedkvitne har ikkje merknadar til at det blir
anlagt nytt fortau mot fylkesvegen utanfor AFA og for deira del kan
tiltaket igangsetjast straks.**

**Men dei minnar om at det ved eit arbeid
som dette skal føreliggja godkjend arbeidsvarslingsplan.**

AFA ved Tor Vidar Sæle har no sendt ein omfattande dokumentasjon til kommunen som gjeld planering av tomta og det nye fortauen.

Det er mellom anna laga ein situasjonsplan og innhenta opplysningar frå fleire hald. Det blir også søkt om graveløyve.

Situasjonsplanen fortel mellom anna korleis den planlagde veimuren er tenkt plassert i forhold til fylkesvegen og det er vedlagt teikning av tomtemuren i fram- og bakkant av tomta.